



Ormelid

Retningslinjer for tilskot til utvalt kulturlandskap (UKL) – Ormelid 2022-2025

Retningslinjene er utarbeida på grunnlag av *forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2019-12-18-2024 og tilhøyrande rundskriv 2021/31.*

Føremål med retningslinjer

Retningslinjene skal syne kommunen si rolle og mynde med forvaltning av tilskotsmidlane for UKL Ormelid. Vidare skal retningslinjene sikre at midlane vert nytta som ynskjeleg i kommunen i tråd med gjeldande planar for området. Dokumentet skal sikre politisk forankring og vere eit rutinedokument for sakshandsamarane. Tildelingane skal vere kontrollerbare med utgangspunkt i retningslinjene.

Føremål med UKL

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Verkeområde

Regelverket gjeld for det utvalde kulturlandskapet Ormelid slik det til ei kvar tid er avmerkt i [Naturbasen](#) under lokalitetsnummer: KU00000028.

Tildeling av tilskot

Luster kommune kan gje tilskot til tiltak som er i samsvar med føremålet med tilskotsordninga, målsetjingar og planar for området.

Utvalde kulturlandskap dreier seg om natur, kultur og levebrød. UKL er ei tverrfagleg, felles satsing mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Det inneber at tiltak innanfor UKL Ormelid kan finansierast via ulike kjelder i tillegg til tilskot etter UKL- ordninga, mellom anna gjennom Miljødirektoratet (ordninga trua naturtypar) og Riksantikvaren.

Kven kan søkje?

I Ormelid UKL kan brukarar og eigarar søkje tilskot etter UKL-ordninga. Skrifteleg løyve frå grunneigar må føreliggje. Det same gjeld for ev. berørte rettighetshavarar.

Krav til søknad og søknadsfrist

Kommunen set søknadsfrist.

Søknad om tilskot skal sendast til kommunen på elektronisk søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet. Søknadsskjema finn ein på [Altinn](#).

Kommunen krev at det ligg ved

- Kart som syner kvar tiltaket skal gjennomførast (i dei tilfelle det er relevant)
- Bilete av arealet/ objektet før tiltaket vert sett i gang
- skrifteleg løyve frå grunneigar og ev. rettshavar

Mangelfulle søknader kan avvisast.

Det vert normalt sett ikkje innvilga tilskot til prosjekt/ tiltak som er påbegynt eller utført. Søknad bør vere godkjent av kommunen før oppstart av eit tiltak.

Tiltak

Gjeldande forvaltningsplanen og skjøtselsplan skal vera grunnlaget for prioritering av oppgåver og finansiering av tiltak.

Kommunen kan løyve tilskot til fylgjande tiltak:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- Restaurering, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak
- Tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv
- Formidlingstiltak
- Kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdiar
- Kartlegging og dokumentasjon av behov for skjøtsel og sikring av natur- og kulturminneverdiar
- Andre næringsretta tiltak og tiltak som fremjar føremålet med ordninga

Lista er ikkje uttømmende, det kan gjevast tilskot til andre tiltak så langt dei er i tråd med føremålet for ordninga.

Ein kan skilje mellom tilskot til eingongs-/investeringstilskot og tilskot til drift/ årleg tiltak. Luster kommune vel å gje tilskot til begge type tiltak.

Arbeidsfrist

Frist for gjennomføring av tiltaket 3 år frå det blir løyvd tilskot. Kommunen kan setje kortare frist ved innvilging av søknad. Kommunen kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

Dersom ikkje tiltaket er gjennomført innan arbeidsfristen vert tilskotet automatisk inndrege.

Dersom tiltaket ikkje er starta opp innan 3 år er anbefalinga at ein sender inn ein ny søknad, framfor ein søknad om utsetjing av arbeidsfristen.

Kommunal handsaming

Luster kommune skal lyse ut tildelte tilskotsmidlar. Kommunen kan innvilge tilskot i samsvar med tilskotsordninga og målsetjingar i planar for området.

Kommunen skal leggje fylgjande til grunn:

- Tiltak som oppfyller UKL- føremålet skal prioriterast
- Forvaltningsplanen og skjøtselsplan legg grunnlaget for prioritering av oppgåver og finansiering av tiltak.
- Kommunen skal om nødvendig vurdere kostnadane i forhold til tiltaket sitt mål og antekne effekt
- Det kan løyvast midlar til tiltak som ikkje vert prioritert etter støtteordningane som ligg under kulturminne- og kulturminneforvaltninga. Til dømes tiltak som byggjer opp under næring og levande landbruk, tiltak som er naudsynt for praktisk gjennomføring av gardsdrift og anna næring

Kommunen kan setje vilkår i vedtaksbrev for innvilging av tilskot til kvart enkelt tiltak.

Kommunen skal hente inn naudsynt kunnskap om landbruk, natur og kulturminne før vedtak om tildeling av tilskot vert fatta.

Mynde\ klagehandsaming

Kommunen fattar vedtak. Søknader etter UKL skal handsamast delegert ved eining for landbruk- og naturforvaltning. Eininga kan endre tilskotssatsane dersom det vert naudsynt. Klage på vedtak fatta av kommunen skal avgjerast hjå statsforvaltaren. Klage på vedtak fatta av statsforvaltaren skal avgjerast hjå Landbruksdirektoratet.

Klagen skal leggjast fram for natur- og kulturminneforvaltninga for eventuell uttale før vedtak vert gjort dersom tiltaket berører deira ansvarsområde.

Kommunen skal kontrollere tilskotsordninga, rapportere og levere budsjettinnspel til statsforvalteren.

Tilskot

Kommunen kan betale ut tilskot til drift og skjøtsel av areal i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande skjøtselsplanar for området.

Fylgjande planar er gjeldande for Ormelid gard:

- Forvaltningsplan for Ormelid gard 2017 – 2027, 03.05.2017
- Skjøtselsplan for nasjonalt utvald kulturlandskap på Øvre Ormelid, Luster kommune. R-nr. 1/2018. Høgskulen på Vestlandet

Fylgjande planar er under utarbeiding og forventa ferdig i 2022

- Forvaltningsplan for Ormelid (heimla i Riksantikvaren fredingsføresegn § 7)
- Plan for vedlikehald av Veiter, Stiftinga Ormelid gard

- Plan for restaurering av steinstrukturar; steingardar, bakkemurar, Stiftinga Ormelid gard
- Plan for restaurering av «småbygningar», og oppattbygging av gamle murar, Stiftinga Ormelid gard
- Plan for restaurering av Dølavegen (forventa ferdig i 2023)

Satsar:

Satsane kan endrast som fylgje av nye føringar, endringar i rammetildeling og liknande. Dersom satsane vert endra skal det gå fram av utlysinga.

Skjøtsel*

Areal med mindre omfattande tiltak kr. 300 pr. daa pr. år

Areal med omfattande tiltak kr. 600 pr. daa pr. år

Areal med særskild omfattande tiltak kr. 1200 pr. daa pr. år

Tillegg for museal drift kr. 1000 pr. daa pr. år

Beitetilskot*

Kommunen kan betale ut tilskot til jordbruksføretak som har dyr på beite i området dersom dette er i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande planar for området. Tal dyr berettiga tilskot tek utgangspunkt i dyretalet som har beita på areal innanfor UKL- området Ormelid i søknadsåret. Vilkår: Det skal beitast i minimum 4 veker. Kart skal leggjast ved for å syne kvar tiltaket vert gjennomført.

Satsane er:

Kr. 1000 pr. dyr pr. år for storfe

Kr. 200 pr. dyr pr. år for småfe

*Jf. forskrift om tilskot til tiltak for trua naturtypar kan det også tildelast tilskot til skjøtsel og vedlikehald, tilpassa bruk på areal som inngår i drift av landbruksføretak, gjerding, kartlegging og overvåking i tilknytning tiltak. Tiltak bør ikkje finansierast med meir enn 100 % etter UKL og tilskot til trua naturtypar.

Sommarjobb til ungdom i alderen 13-18 år

Løn til ungdom skal vere i tråd med gjeldande regelverk til ei kvar tid.

Andre tiltak

Søknad om tilskot til andre tiltak skal innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket. Søknaden skal innehalde budsjett og gjennomføringsplan.

Fylgjande satsar skal leggjast til grunn:

Kommunen nyttar Innovasjon Norge sine gjeldande satsar som årleg vert kommunisert gjennom Statsforvaltaren sitt forventingsbrev til kommunane. Satsane skal opplysast ved utlysing av midlane.

Evt. innhenta kostnadsoverslag frå entreprenør/ fagperson.

Kurs, fagdagar, slåttedagar og liknande

Det kan gjevast tilskot til opne arrangement som bidreg til å ivareta og/ formidle verdiane i kulturlandskapet. Tilskot kan nyttast til dekking av driftskostnader og mindre investeringar knytt til arrangement. Lønn/ honorar vert ikkje dekkja. Gjennomførte arrangement skal dokumenterast med kort rapport, rekneskap og kopi av billag.

Rapportering og utbetaling

Den som har motteke tilskot skal rapportere om måloppnåing og bruk av tilskot slik skjema fastsett av Landbruksdirektoratet angjev. Rapportering skal skje innan frist fastsett i vedtaksbrev. Kommunen kan setje nærmare krav til rapportering og utbetaling i vedtaksbrevet.

Det kan betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon og rapportering. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført og arbeidet og sluttrekneskapen er godkjent.

Omgjering og tilbakebetaling

Tilskot som ikkje er brukt i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende.

Vedtak om innvilga tilskot kan omgjerast og utbetalt tilskot kan krevjast tilbakebetalt dersom det blir avdekkja forhold som er i strid med det som er forutsett ved løyving av tilskotet.

For krav om tilbakebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.

Opplysningsplikt og kontroll

Kommunen kan føre kontroll med at vilkår for utbetaling av tilskot er oppfylt. Kommunen kan føreta stadleg kontroll.

Ved kontroll med kommunens forvaltning av tilskotsordninga kan Landbruksdirektoratet føreta stadleg kontroll hjå tilskotsmottakar og innhente naudsynt dokumentasjon.

For meir informasjon:

- [Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, \(FOR-2019-12-18-2024\)](#)
- [Landbruksdirektoratet sin side om Utvalde kulturlandskap i jordbruket](#)